

ÅRSMELDING FOR ÆNES SOKNERÅD 2021

Ænes sokneråd består av Kari Eikeland Enes, Ingfrid Øyre, Gunnar Audun Aarsand, Terje M. Enes og vikarprestane Carsten Mrusek til 1.november og Kjetil Kringlebotten frå 1.november 2021.

Varamedlemer er: Kjersti Bondhus, Gunnar Enæs, Hildur Kroka, Kenneth Bondhus og Olav Nerhus Hatteberg.

Det vart halde 2 møter i soknerådet for 2021, den 23. september og 02. desember. Grunna auka smittefare med korona vart det berre halde to møter dette året. Enkle spørsmål og avklaringar har likevel vorte avklara over telefon. Det vart handsama 13 saker.

Kyrkja på Ænes er truleg den eldste i Kvinnherad. Fram til no har bygninga ikkje hatt sprinklaranlegg, men riksantikvaren løyvde pengar til brannsikring av Ænes kyrkje. Saman med Bara Eigedom AS ved Knut Galtung Døsvig vart dette arbeidet fullfinansiert og det moderne sprinklaranlegget vart sett i drift i haust.

Ingfrid Øyre er sokna sin kontaktperson til å formidla nyhende «stoff» frå Ænessokna til felles kyrkjeblad for heile kommunen.

Ny felles liturgi. Etter ein lang diskusjon gjekk soknerådet inn for ei felles ordning for gudsteneste i Kvinnherad. Framlegget vart lagd fram på soknemøte 28. november. Tilrådinga frå soknemøte vart vedteke av soknerådet på møte 2. desember 2021.

Grunna korona og fare for smitte har året vore krevjande å gjennomføra gudstenester og andre arrangement i kyrkja. Ein har måtta nytta digitale løysingar. Mellom anna måtte den populære kyrjekonserten 30. november avlysast.

Hausten 2021 vart det på møte mellom prestane og prosten bestemt at Kjetil Kringlebotten skulle erstatta Carsten Mrusek, som vikarprest for Ænes sokn. Soknerådet vil takka Carsten for samarbeidet i den tida han har vore vikarprest i Ænes sokn og samstundes ønskja Kjetil velkommen.

Grunna smittefaren med avstandsreglar vart gudstenesta Julafta redusert til om lag femti deltakarar.

Ved utgangen av året syner rekneskapen ein beholdning på kr. 37.145,82
Rekneskapen er revidert av revisor Olav Nerhus Hatteberg 27.01.2022.

Ænes sokneråd 04. februar 2022.

Kari Eikeland Enes

Ingfrid Øyre

Gunnar Audun Aarsand

Terje M. Enes

Kjetil Kringlebotten